



ULLENVANG FJELLSTYRE



ÅRSMELDING 2020



Innhold

Ullenvang statsallmenning	3
Ullenvang fjellstyre 2020-2023	3
Hardangervidda fjelloppsyn	3
Endra fjellstyrestruktur frå 2020	3
Aktivitet i 2020.....	4
Fjellstyrehytter.....	6
Reinsjakt	7
Elgjakt	9
Økonomi	11



Ullenvang statsallmenning

Ullenvang statsallmenning ligg i Ullenvang kommune, i Vestland fylke, og er om lag 819 km². Størstedelen av statsallmenningen ligg i Hardangervidda nasjonalpark.

Ullenvang fjellstyre 2020-2023

Medlem:	Vara:
Johnny Vikne (leiar)	Eivind Tokheim
Jan Asbjørn Utne (nestleiar)	Per Helge Sekse
Hildegunn Espe	Evelyn Sekse Haustveit
Synnøva Sæbø	Jarle Vangen
Jarle Rasmussen	John Helge Rasmussen

Fjellstyret hadde i 2020 fire møte. Det blei handsama 47 saker.

Fjellstyret informerer om vedtak på heimesida www.hardangervidda-fjellstyra.no. Her blir det også informert om jakt, fiske, hytteutleige med meir. Inatur blir brukt til sal av jakt og fiske, og Scanatura blir brukt til hytteutleige.

Styremedlem i Fjellstyra på Hardangervidda: Johnny Vikne (vara Hildegunn Espe)
Representant i villreinutvalet: Jan Asbjørn Utne

Hardangervidda fjelloppsyn

Hardangervidda fjelloppsyn (HF) er driftsapparatet til Fjellstyra på Hardangervidda. Ullenvang fjellstyre leiger sekretærtenester og feltenester frå HF. Sekretærtenestene har blitt utført av Steinar Lund.

Endra fjellstyrestruktur frå 2020

Kommunane Ullenvang, Jondal og Odda blei slått saman til Ullenvang kommune med verknad frå 1.1.2020. Etter kommunesamanslåinga ligg heile Ullenvang statsallmenning i ein kommune. Kommunen oppnemnde eit fjellstyre for Ullenvang statsallmenning. Fjellstyrestrukturen for Ullenvang statsallmenning blei med dette endra frå ei ordning med tre fjellstyre: Odda fjellstyre, Ullenvang fjellstyre og Fellesstyret for Ullenvang statsallmenning, til eit fjellstyre: Ullenvang fjellstyre.



Aktivitet i 2020

Uthus Bjørnavassbu

Arbeidet med nytt uthus med do ved Bjørnavassbu blei fullført sommaren 2020.
Arbeidet har blitt gjort på dugnad.

Foto frå bygginga (foto Jarle Rasmussen):





Ombygging front Holmavatnet

Hytta ved Holmavatnet blei overteke av fjellstyret for nokre år sidan. Dei to siste åra har det blitt gjort ein del arbeid på hytta. I vinter blei fronten på hytta skifta.

Ny båt ved Persbu

Det blei kjøpt inn ein ny båt i 2020, som blei lagt ved Persbu (Øvsta Bjørnavatnet).



Hytta ved Langavatnet blei beisa sommaren 2020



Prøvefiske Kvenssjøen

Det blei utført eit prøvefiske i Kvenssjøen i august. Rapport frå prøvefisket ligg på heimesida til fjellstyret: <http://hardangervidda-fjellstyra.no/rapportar-faktaark>



Covid-19

Utbrotet av Covid-19-viruset vinteren 2020 påverka drifta til fjellstyret på fleire måtar. Det blei innført restriksjonar på ferdselet i ein periode mot slutten av skuttersesongen. Fleire fjellstyremøte blei arrangert som telefonmøte, og vår- og haustmøta blei avlyst. For å kunne drive utleige av fjellstyrehytte blei det berre opna for utleige til ei «gruppe» om gongen. Hyttene blei og utstyrt med desinfeksjonsmiddel og ekstra vaskemiddel.

Fjellstyrehytter

Ullenvang fjellstyre har 11 hytter i statsallmenningen. I tillegg har fjellstyret eit naust ved Øvsta Krokavatnet. [Kart med oversikt over hyttene.](#)

Fjellstyrehytter:

- Ullsbu (Hansbu)
- Rogdabu (Hansbu)
- Oppsynshytta på Hansbu (leigd ut til Hardangervidda Fjelloppsyn)
- Naustet (Nedsta krokavatnet)
- Belebu
- Bjørnavassbu
- Langavassbu
- Holmavatnet
- Raudåna
- Raudåna – oppsynshytta
- Persbu


Fjellstyrehyttene har blitt leigd ut til jakt, fiske og friluftsliv i perioden 15. juni til 31. oktober. Prisen for å leige har vore 100,-pr. person pr. døgn (dobel pris for utanbygdsbuande). For dei tre steinbuene Rogdabu, Persbu og Holmavatnet har prisen vore 90,- (180,-).

Utleige av hyttene blei gjort via salssida Scanatura. Legetakarane bestiller overnatting for dei dagane dei ynskjer, og betalar via Scanatura. Det er sett opp nøkkelsboks med kode på kvar hytte, slik at dei som leiger ikkje må få utlevert nøkkel.

Hytteutleige utgjorde til saman 185 531,- i 2020.
Samla er hyttene er leigd ut 519 døgn i 2020 (figur).



Overnattingar på hyttene i 2020



Reinsjakt

Villreinkvota for Hardangervidda var på 5000 dyr i 2020. Kvota var fordelt på halvparten vaksen bukk 2,5 år eller eldre, og halvparten fritt dyr. Ullenvang fjellstyre sin del av kvota var 318 dyr. Det var samjakt mellom fjellstyret og alle private vald i gamle Ullenvang herad og Odda kommune for jegerar med kort på Ullenvang statsallmenning frå og med 7. september og ut jakta.

10. september blei det påvist skrantesjuke på ein bukk felt på Hardangervidda. Skrantesjuke er ein prionsjukdom hos hjortedyr. Skrantesjuke er frå før utbreidd i USA og Canada, men blei påvist på villrein i Nordfjella i 2016. Seinare er det gjort nokre funn av ein atypisk variant av skrantesjuke på elg og hjort i Noreg og elg i Sverige og Finland. Funnet på Hardangervidda er det fyrste funnet på villrein utanom Nordfjella, og det fyrste funnet utanfor Nordfjella av den smittsame typen.


Som eit tiltak for å auke fellingsa mot slutten av jakta, og med det auke talet på cwd-prøvar, blei det innført samjakt mellom dei fire statsallmenningane Røldal, Ullenvang, Eidfjord og Øvre Numedal frå og med 17. september og ut jakta. Det blei samtidig gjort vedtak om å oppheve fredingssonene resten av jakta, og det blei opna for at jegerar kunne overføre kort til andre jegerar med kort frå same fjellstyret.

Prisen for reinskorta blei sett til 1.500 pr kort til innanbygdsbuande, 3.000 pr kort til utanbygdsbuande. Netto omsetnad for sal av reinskort var 784 637,50.


**Felling:**

Det blei felt 263 dyr på korta til Ullenvang statsallmenning. Det gir ein fellingsprosent på 55.

	Kalv	1,5 år	2,5 år og eldre	Sum
Hanndyr	6	18	158	182
Hoddyr	3	14	64	81
sum	9	32	222	263



Figur 1. Mykje vestavêr gav jaktsjansar gjennom hele jakta.



Elgjakt

Ullenvang fjellstyre administrerer elgjakt på eit vald i Ullenvang statsallmenning. Elgjakta blir leigd vekk til eit jaktag for to år i slengen. Jakta er konsentrert rundt Hansbu-Bjørnavassområdet. I 2020 var kvota på ein okse og ein kalv. Det blei felt ein okse dette året.

Småviltjakt

Fjellstyret har hatt fritt kortsal av småviltjakt i 2020. Det har blitt selt 189 kort, fordelt på dagskort, vekeskort og sesongkort som vist i tabellen under. I tillegg er det selt 6 sesongkort smårvovilt.

	Innanbygdsbuande	Utanbygdsbuande
Dagskort	22	123
Vekeskort	11	27
Sesongkort	1	4
Smårvoviltkort	6	

Ein kald vår gav noko redusert klekking, men det blei likevel eit brukbart jaktutbyte. Det er rapportert inn 166 fjellrype, 101 lirype, 4 ravn, 1 røyskatt og 1 ravn i jaktsesongen 2020-2021



Det blei selt jaktkort for 67 861,00 i 2020.

Tabell 1. Prisar småviltjakt 2020.

	Innanbygds	Utanbygds
Dagskort	125,-	250,-
Vekeskort	500,-	1000,-
Sesongkort	1000,-	2000,-
Småvorvvilkort		100,-

Fiske

Det er selt 292 fiskekort for Ullenvang statsallmenning i 2020. Av desse er 65 fiskekort for innanbygdsbuande (garnkort). Tilsvarande tal for 2019 var 396 selde kort (138 fiskekort for innanbygdsbuande).

Det er selt 487 fellesfiskekort, fordelt på 418 vekeskort og 69 sesongkort. Netto omsetnad var kr 243 250. Ullenvang fjellstyre sin del av omsetnaden var kr 75 480.

Det er selt 17 vekeskort for garnfiske for utanbygdsbuande. Kortet gjeld for nokre av vatna på statsallmenningen der det med fordel kan fiskast meir. Det blir opna for sal av inntil 20 vekeskort i året.

Netto omsetnad for stongfiskekort var 147 930, og for garnfiskekort 32 160,-

Prisar på fiskekort i 2020

Stongfiskekort:

Dagskort: 100,-,

2-døgnskort: 175,-

3-døgnskort: 250,-

Vekeskort: 350,-

Sesongkort: 700,-

Garnfiske (innanbygds):

Vekeskort: 300,-

Sesongkort: 450,-

Familiekort sesong: 500,-

Garnfiske (utanbygds):

Vekeskort: 600,-



Økonomi

Fjellstyret hadde i 2020 ein omsetnad på kr 1 879 367,26. Utgiftene var på kr 1 320 287,02.

Fjellstyret gjorde vedtak om å løyve 5.000 frå fjellkassa med heimel i fjellova § 11, til ei bok om Litlos turisthytte i regi av DNT Oslo og Omegn.

Gåver:

Fjellstyret er tildelt følgjande gåver i løpet av året:

	Føremål	Sum
Ullenvang kommune	Driftstilskot	10.000,-
Sparebanken Vest	Fiskeforbetrande tiltak	20.000,-
Sparebankstiftinga Hardanger	Fiskeforbetrande tiltak	100.000,-
Grunneigarfondet	Fiskeforbetrande tiltak	50.000,-
Kulturdepartementet	Spelemidlar – uthus Bjørnavassbu	90.000,-